

IVAR EIMHJELLEN

# Inkludering av funksjonshemma i frivillige organisasjonar

Ivar Eimhjellen

---

Inkludering av funksjonshemma  
i frivillige organisasjonar

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor

---

Bergen 2011

© Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor 2011  
Rapport 2011:2

Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor  
Co/Institutt for samfunnsforskning  
Munthes gate 31  
Postboks 3233 Elisenberg  
0208 Oslo  
[www.samfunnsforskning.no](http://www.samfunnsforskning.no)

ISBN (trykt): 978-82-7763-363-3  
ISBN (web): 978-82-7763-364-0

ISSN: 1891-2168

Rapporten er finansiert av Kulturdepartementet gjennom prosjektet «Virtuelt senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor»

---

# Innhald

Innhald .....	3
Føreord.....	5
1. Innleiing.....	7
2. Frivillig organisasjonsarbeid .....	9
3. Medlemskap i frivillige organisasjonar .....	17
4. Haldningar til og motivasjon for frivillig arbeid .....	23
5. Andre deltakingsformer i sivilsamfunnet .....	29
6. Sosial kapital, nettverk og tillit.....	33
7. Oppsummering og konklusjon.....	41
Litteratur .....	43
Tabelliste.....	45
Appendiks .....	49
Samandrag .....	53



---

## Føreord

Denne rapporten er resultat av eit større forskingsprogram, *Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor*, som er eit samarbeid mellom Institutt for samfunnsforskning og Uni Røkkansenteret i Bergen. Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor er frittstående og fagleg uavhengig med følgjande overordna føremål:

- leie og gjennomføre eit tre- til femårig forskingsprogram med tema henta frå forskingsfeltet sivilsamfunn/frivillig sektor;
- initiere og koordinere verksemd i tilknytning til forskning og formidling av forskning;
- styrke utviklinga av kunnskap om frivillig sektor si betydning i samfunnet, og bidra til å vidareutvikle den statlege frivilligpolitikken og styrke frivillig sektor gjennom auka forskingsbasert kunnskap;
- bidra til fagutvikling, utvikling av nye forskningstilnærmingar og problemstillingar, samt styrke fagmiljø, blant anna gjennom skulering av doktorstipendiatar og unge forskarar;
- gjennomføre programmet sine uttalte forskningsprosjekt og styrke og vidareutvikle forskning og kompetanse på området sivilsamfunn/frivillig sektor;
- vere ein møtestad for forskarar og brukarar der forskingsbasert kunnskap blir formidla til brukarane, og idear og innsikter frå feltet blir formidla til forskarane.

Spørjeundersøkinga *Frivillig innsats*, som er grunnlaget for denne rapporten, inngår som eit av fleire prosjekt under dette programmet, som har ei foreløpig tidsramme til sommaren 2012.

Programmet blir finansiert av Kultur- og kirkedepartementet, Arbeids- og inkluderingsdepartementet, Barne- og likestillingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet.<sup>1</sup>

Bergen, mars 2011

Ivar Eimhjellen

---

1. For meir informasjon om *Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor* visast det til sentret si heimeside: <http://www.sivilsamfunn.no/>.

---

## Innleiing

Inkludering i samfunnet omhandlar alle samfunnsområde. Inkludering på arbeidsmarknaden er eit viktig område og inkludering i det frivillige organisasjonslivet er eit anna. Frivillige organisasjonar blir av politikarar og forskarar ofte synt fram som ein eigna arena for integrasjon og sosial inkludering. Dette blir grunngeve mellom anna i ei oppfatting av frivillige organisasjonar som møtestader som fremjar mellommenneskeleg tillit, forståing og medlemmene si demokratiske danning i ein breiare samanheng (Putnam 1993; Putnam 2000). Deltaking i frivillige organisasjonar kan gje rom for vennskap, felles oppleving, identitet og tilhøyrslø. Inkludering i frivillige organisasjonar kan også vere ein mogleg veg til inkludering på arbeidsmarknaden.

Av den norske befolkninga i alderen 15-66 år var det i 2010 17 prosent som oppgav å ha ei funksjonshemming. Av desse var om lag 44 prosent i arbeid (Bø & Håland 2010). Hensikta med denne rapporten er, med ei empirisk tilnærming, å sjå nærare på status for personar med varig nedsett funksjonsevne i forhold til frivillig arbeid, medlemskap og deltaking i frivillige organisasjonar. Meir konkret er intensjonen å dokumentere og analysere den delen av ei spørjeundersøking om frivillig innsats i Noreg som omhandlar funksjonshemma.

### Datagrunnlaget – ein kort introduksjon

Det primære datagrunnlaget for rapporten er ei landsrepresentativ telefonspørjeundersøking, *Frivillig innsats*, som vart gjennomført i perioden april-september 2009 i regi av programmet «Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor» ved Institutt for samfunnsforskning og Uni Rokkansenteret.

Undersøkinga er basert på eit landsrepresentativt tverrsnittsutval (brutto) bestående av 2975 personar i alderen 16-79 år. Svarprosenten er 53,1 prosent.<sup>2</sup>

---

2. For meir informasjon om undersøkinga visast det til Wollebæk & Sivesind 2010.



I denne undersøkinga er funksjonshemma definert som personar med varig nedsett funksjonsevne. Andelen funksjonshemma i dette datagrunnlaget er 18 prosent. I følge SSB er andel funksjonshemma i befolkninga i 2010 på 17 prosent, definert som fysiske eller psykiske problem av meir varig karakter (Bø & Håland 2010). Andel funksjonshemma i utvalet er tilnærma lik andelen i den norske populasjonen.

## Rapportstruktur

I denne rapporten tar vi sikte på å skildre og å analysere personar med varig nedsett funksjonsevne sitt forhold til frivillige organisasjonar og sivilt engasjement i breiare forstand. Det betyr at hensikta også er å antyde kva som betingar frivillig arbeid, medlemskap og deltaking i frivillige organisasjonar blant dei som har nedsett funksjonsevne, samt haldningar og motivasjon til frivillig arbeid. Vi skal til slutt sjå på forskjellar mellom funksjonshemma og funksjonsfriske når det gjeld indikatorar på tillit, nettverk og sosial kapital.

Tidlegare forskning omkring funksjonshemma sin representasjon i frivillige organisasjonar har synt at forskjellane totalt sett ikkje er så store, men at det innan visse typar organisasjonar er ein underrepresentasjon av funksjonshemma (Manneråk 2001). Eit siktemål i rapporten er også å undersøkje kva oppdaterte data seier om dette. Har skiljet mellom funksjonshemma og funksjonsfriske i frivillige organisasjonar vorte mindre, eller har det endra karakter?

Strukturen vidare i rapporten følger punkta under, der kvart kapittel ser nærare på funksjonshemma i kontrast til funksjonsfriske i forhold til:

- Frivillig organisasjonsarbeid
- Medlemskap i frivillige organisasjonar
- Haldningar og motivasjon for frivillig arbeid
- Andre deltakingsformer i sivilsamfunnet
- Sosial kapital, nettverk og tillit

---

## Frivillig organisasjonsarbeid

Vi skal i dette kapitlet først sjå korleis dei frivillige med varig nedsett funksjonsevne fordeler seg med omsyn til kjønn, alder, sivilstand, utdanning, hushaldsinntekt og folketettleik der dei bur. Vi skal så sjå i kva organisasjonar dei gjer frivillig arbeid og omfanget av denne aktiviteten. Til slutt går vi inn på kva som kan betinge det å utføre frivillig organisasjonsarbeid, med fokus på dei funksjonshemma. Funksjonsfriske blir brukt som samanlikningsgrunnlag i analysane. Med frivillig arbeid meiner vi her uløna arbeidsinnsats for frivillige organisasjonar, men som kan innebere ei viss symbolsk betaling. Dette kan for eksempel vere instruksjon og trening av medlemmer, administrativt arbeid eller kaffi- og kiosksal. Vanleg medlemsaktivitet slik som deltaking på trening, medlemsmøte og liknande reknast på den andre sida ikkje som frivillig arbeid, men som medlemsdeltaking.

### Kven er frivillige og kvar?

Ein kan gjerne tenke seg at personar med nedsett funksjonsevne i større grad er mottakar, medlemmer og deltakar i frivillige organisasjonar enn å sjølve vere frivillige.

I Tabell 1 ser vi at andelen blant funksjonshemma som har utført frivillig arbeid er 40 prosent.<sup>3</sup> Dette er 11 prosentpoeng lågare enn for funksjonsfriske som har ein andel på 51 prosent. Det er ingen signifikante kjønns- eller aldersforskjellar for funksjonshemma i det å ha utført frivillig arbeid.

---

3. Andelen av den norske befolkninga som utførte frivillig organisasjonsarbeid i 2009 var 48 prosent (Wollebæk & Sivesind 2010).

*Tabell 1. Andel som har utført frivillig arbeid fordelt på bakgrunnsvariablar og funksjonshemming. Prosent*

		Funksjonshemma			Funksjonsfriske		
		Har arbeidet frivillig siste år	N	P. verdi	Har arbeidet frivillig siste år	N	P. verdi
Kjønn	Menn	44	161	0,155	51	794	0,562
	Kvinner	37	191		49	767	
Alder	16 - 24 år	28	25	0,498	40	228	0,010
	25 - 44 år	45	78		51	594	
	45 - 66 år	41	158		53	610	
	67år +	39	91		50	129	
Sivilstatus	Ugift	43	87	0,037	42	583	0,000
	Gift	44	187		58	770	
	Skilt/Enke/Sep	28	79		45	209	
Utdanning	Ungdomsskule	25	124	0,000	39	330	0,000
	Videregående	42	145		51	652	
	Uni/høgskule	59	76		55	580	
Hushaldsinntekt	0-299.000	28	96	0,021	38	208	0,000
	300.000- 599.999	45	128		44	553	
	600.000 +	43	127		58	795	
Tettbygd strøk	Under 2000	44	81	0,017	62	349	0,000
	Under 100.000	33	172		50	640	
	Over 100.000	50	95		45	540	
<i>Min N</i>		<i>40</i>	<i>348</i>		<i>51</i>	<i>1529</i>	

Tabell 1 syner vidare at det er omtrent like mange blant ugifte funksjonshemma og funksjonsfriske som gjer frivillig arbeid. Det er færre blant gifte og skilte/separerte/enke/enkemenn med nedsett funksjonsevne som har gjort frivillig arbeid, i forhold til tilsvarande hos funksjonsfriske (17 prosentpoeng lågare andel). Andelen frivillige blant gifte funksjonshemma er 14 prosentpoeng lågare enn andel frivillige hos funksjonsfriske som er gifte.

Både funksjonshemma og funksjonsfriske har størst andel frivillige blant dei høgast utdanna. I denne gruppa har funksjonshemma fleire frivillige i forhold til funksjonsfriske, 59 mot 55 prosent. I dei lågare utdanningskategoriane har funksjonshemma færre frivillige enn funksjonsfriske, 14 prosentpoeng færre i ungdomskulekategorien og 9 prosentpoeng færre i vidaregåande kategorien.

Når det gjeld inntekt har funksjonshemma færre frivillige i den lågaste og den øvste inntektskategorien, i forhold til funksjonsfriske. Størst forskjell finn vi blant dei som tener over 600.000 kroner. Her har 43 prosent av funksjonshemma og 58 prosent av funksjonsfriske gjort frivillig arbeid, ein forskjell på 15 prosentpoeng.

Vi har og sjekka for om personar bur i spreiddbygd eller tettbygd strøk. Færre med nedsett funksjonsevne gjer frivillig arbeid i områder med under 100.000 innbyggjarar samanlikna med funksjonsfriske, men ein større andel funksjonshemma i områder med over 100.000 innbyggjarar gjer frivillig arbeid. For befolkninga generelt er det færre som utfører frivillig arbeid i byen enn på bygda (Wollebæk & Sivesind 2010). At fleire funksjonshemma i større byar gjer frivillig arbeid, enn funksjonsfriske, kan tyde på frivillig arbeid er enklare, meir tilrettelagt eller meir attraktivt i større byar enn i mindre tettfolka områder for personar med nedsett funksjonsevne.

I Tabell 2 kan vi sjå innanfor kva type frivillige organisasjonar personar med nedsett funksjonsevne og funksjonsfriske gjer frivillig arbeid. Dei er her fordelt på 15 kategoriar av frivillige organisasjonar. Respondentane er spurt om dei har utført frivillig arbeid på kvar av desse områda det siste året.

*Tabell 2. Andel personar, hhv. funksjonshemma og funksjonsfriske som har gjort frivillig arbeid etter frivilligområde. Prosent*

	Funksjonshemma	Funksjonsfriske	% diff.
Kunst, kultur, korps og kor	10	12	-2
Idrett og sport	13	21	-8
Hobby, fritid og utendørsaktivitet	12	13	-1
Utdanning, opplæring og forskning	4	5	-1
Helse, pleie og redningsarbeid	6	4	+2
Sosiale tjenester og rusomsorg	4	4	0
Natur-, miljø- og dyrevern	1	2	-1
Velforening, grendelag og nærmiljø	12	13	-1
Boretts- og boligbyggelag	4	8	-4
Rettighet, støtte og avhold	1	0,8	+0,2
Politiske partier	2	3	-1
Internasjonal utveksling, nødhjelp/bistand	3	3	0
Religion og livssyn	5	5	0
Yrkes-, bransje- og fagforeninger	1	5	-4
Annet	3	2	+3
<i>N</i>	<i>352</i>	<i>1561</i>	

Størst andelar frivillige finn vi innan idrett og sport, kultur, hobby og fritid og innan velforeiningar. Dette gjeld for både funksjonshemma og funksjonsfriske. Forskjellane mellom funksjonshemma og funksjonsfriske er ikkje markant store på nokre av områda, bortsett frå i idretten. Her er andelen frivillige med nedsett funksjonsevne 8 prosentpoeng lågare enn for funksjonsfriske. Sjølv om det har vore fokus på idretten i Noreg som inkluderingsarena over tid (St. meld 39 2006-2007), så kan det ha vore eit einseitig fokus på funksjonshemma som deltakarar og utøvarar heller enn på å få denne gruppa inn som frivillig arbeidskraft, for eksempel på trenings- og/eller leiingssida. Her ligg det i alle fall eit potensiale for å få fleire med nedsett funksjonsevne inn som frivillige. På dei andre områda for frivillig arbeid er forskjellane mellom funksjonshemma og funksjonsfriske små.

Det er her verdt å trekke fram kategorien sosiale tenester og rusomsorg. Innanfor denne kategorien ligg mellom anna organisasjonar som driv med tenester for funksjonshemma. Her har funksjonshemma like stor andel som gjer frivillig arbeid som blant funksjonsfriske. Om vi ser på timar utført frivillig arbeid i organisasjonar innan sosiale tenester og rusomsorg, sjå Tabell 3, så ser vi at personar med nedsett funksjonsevne i gjennomsnitt antal timar utfører over fire gonger så mykje frivillig arbeid som funksjonsfriske.

I små utval kan respondentar med høge verdiar påverke gjennomsnittet slik at det kan gje eit skeivt bilete. Om vi tar vekk respondentar som har svart at dei har gjort over 100 timar frivillig arbeid siste år, så har funksjonshemma likevel utført tre gonger så mange timar frivillig arbeid. Det kan vere ein særskild motivasjon hos frivillige med nedsett funksjonsevne til å legge ned fleire timar arbeid, enn funksjonsfriske, fordi dei kjenner seg knytt til organisasjonar og tema innanfor dette området.

På dei andre områda var det ingen signifikante forskjellar mellom funksjonshemma og funksjonsfriske i timar utført frivillig arbeid.

*Tabell 3. Gjennomsnitt antal timar som personar med nedsett funksjonsevne og funksjonsfriske har utført innan sosiale tenester og rusomsorg sist år*

	Funksjonshemma	Funksjonsfriske	diff.
Sosiale tjenester og rusomsorg	139	32	+107
St. avvik	209	70	
N	11	66	

P. verdi: 0,001

Note: Innanfor dei andre frivilligområda var det ingen signifikante forskjellar i gjennomsnitt timar utført frivillig arbeid mellom funksjonshemma og funksjonsfriske.

## Kva avgjer om ein jobbar som frivillig?

Til no har vi sett korleis gruppa med høvesvis nedsett funksjonsevne og funksjonsfriske fordeler seg på ulike spørsmål knytt til frivillig organisasjonsarbeid. Men kor mykje av forskjellane mellom desse to gruppene, når det gjeld frivillig arbeid, kan tilskrивast nedsett funksjonsevne. Tabell 4 syner resultatane frå ei logistisk regresjonsanalyse av frivillig arbeid for alle respondentane i heile undersøkinga. Vi ser av forteikna i kva retning dei uavhengige variablane verkar inn på sannsynet for å gjere frivillig arbeid. Koeffisientane med negativt forteikn betyr at variabelen har ein negativ effekt på sannsynet for å gjere frivillig arbeid.

Tabell 4 syner at nedsett funksjonsevne og bustad i tettbygd strøk har ein signifikant negativ verknad på sannsynet for å gjere frivillig arbeid, mens høgare utdanning og inntekt har ein signifikant positiv verknad på sannsynet for å gjere frivillig arbeid. Sivilstatus, alder og kjønn har derimot ingen signifikant effekt i denne analysen. Figur 1 og Figur 2 illustrerer endringa i sannsyn for frivillig arbeid ved endring i verdi på variablane med signifikant verknad.


*Tabell 4. Regresjon av frivillig arbeid kontrollert for funksjonshemming, utdanning, inntekt, sivilstatus, alder og kjønn. Ustandardiserte koeffisientar*

Uavhengig variabel	
Nedsett funksjonsevne	-,30*
Utdanning	,38**
Inntekt	,16**
Gift	,19
Alder	,00
Kvinne	-,09
Tettbygd strøk	-,30**
	<i>Cox/Snell R square</i>
	,059
	<i>N</i>
	1845

\*Signifikant på 5 % -nivå

\*\*Signifikant på 1 % -nivå

Figur 1. Endring i sannsynt for frivillig arbeid etter variasjon i variablane funksjonshemma og område for bustad




Figur 1 syner at sannsynet for gjere frivillig arbeid går ned frå 53,3 prosent til 45,7 prosent, ein nedgang på 7,6 prosentpoeng, om ein har nedsett funksjonsevne. Bustad i tettbygd strøk derimot har ein vesentleg større negativ verknad då den går ned med 15,2 prosentpoeng, frå 55,7 til 40,5 prosent. Her kan vi bemerke at skilnader mellom by og land dei siste 10 åra i frivillig arbeid har vore aukande (Wollebæk & Sivesind 2010).

Verknaden av nedsett funksjonsevne er lågare enn for dei andre signifikante variablane. Signifikansnivået for denne variabeleffekten tilseier også at generaliseringspotensialet for dette resultatet ikkje er like sikkert som for dei andre signifikante variabeleffektane. Det er mindre sikkert om effekten av nedsett funksjonsevne i alle tilfeller vil vere slik vi har predikert her.

Dei positive effektane av utdanning og inntekt er begge større enn effekten av nedsett funksjonsevne og butettleik. I Figur 2 syner vi korleis sannsynet for å gjere frivillig arbeid stig når vi går opp i utdannings- og inntektskategori.

Figur 2. Endring i sannsyn for frivillig arbeid etter variasjon i variablane utdanning og inntekt



Sannsynet aukar med 18,6 prosent om ein går frå å ha ungdomsskule som høgast fullført utdanning til å ha femårig eller lengre universitets- eller høgskuleutdanning (frå 41,6 til 60,2 prosent) Sannsynet for å gjere frivillig arbeid stig med 15,4 prosent om ein går frå lågaste til øvste inntektskategori. Frå 44 prosent sannsyn om ein har under 300.000 i inntekt til 59,4 prosent sannsyn om ein har over 900.000 i inntekt. Tidlegare forskning har synt at personar med nedsett funksjonsevne oftare enn andre har dårleg økonomi (Manneråk 2001). Når funksjonshemming i seg sjølv har ein viss negativ effekt, så vil i tillegg lågare inntekt (sjå Tabell 1) redusere sannsynet for å gjere frivillig arbeid for personar med nedsett funksjonsevne.

For å oppsummere har vi til no sett at det er 11 % færre blant funksjonshemma som gjer frivillig arbeid i forhold til funksjonsfriske. For dei som gjer frivillig arbeid er ikkje forskjellane mellom dei to gruppene innanfor ulike områder så store. Funksjonshemma er likevel dårlegast representert som frivillige innan idretten, i forhold til funksjonsfriske. På den andre sida utfører funksjonshemma frivillige over 3 gonger så mange timar frivillig arbeid i organisasjonar for sosiale tenester og rusomsorg i forhold til funksjonsfriske. Nedsett funksjonsevne har i seg sjølv ein sjølvstendig negativ effekt på



sannsynet for å utføre frivillig arbeid, men befolkningstettleik der ein bur, inntekt og utdanning har i større grad innverknad.

Det kan her nemnast at bakgrunnsvariablar påverkar ulikt i forhold til frivillig arbeid i ulike typar organisasjonar. På velferdsfeltet generelt (helse, pleie, redningsarbeid, sosiale tenester), der funksjonshemma i større grad er frivillige, har det fram til no vore tendens til ein «omvendt» sosial profil der låginntektsgrupper har hatt ein svak overrepresentasjon. Nye tal syner no ein svak underrepresentasjon av dei med låg inntekt og ein sterk effekt av høgare utdanning (Wollebæk & Sivesind 2010).

---

## Medlemskap i frivillige organisasjonar

Vi skal her gå nærare inn på medlemskap i frivillige organisasjonar. Med medlemskap meiner vi her både aktivt medlemskap der ein deltar i organisasjonen og passivt medlemskap der ein berre er medlem. Medlemskap er i mange tilfelle mindre knytt til aktiv deltaking enn frivillig arbeid og vil ofte vere mindre tidkrevjande. Det er difor rimeleg å forvente mindre forskjell mellom funksjonshemma og funksjonsfriske når det gjeld organisasjonsmedlemskap, i forhold til frivillig arbeid. Andelane som er organisasjonsmedlemmer i begge grupper vil og vere større enn andelane som gjer frivillig arbeid.

Vi skal fyrst sjå nærare på korleis medlemmer med nedsett funksjonsevne i frivillige organisasjonar fordeler seg på ulike bakgrunnsvariablar. Deretter går vi inn på i kva type frivillige organisasjonar dei er medlemmer og kor mykje dei deltar aktivt som medlemmer. Funksjonsfriske blir brukt som samanlikningsgrunnlag i analysane. Vi gjer tilslutt ei regresjonsanalyse for å undersøke kva bakgrunnsvariablar som har ein signifikant effekt på det å vere medlem i ein frivillig organisasjon. Har funksjonshemming isolert sett ein signifikant verknad?

### Kven er medlemmer og kvar?

Kjønnsforskjellar i organisasjonsmedlemskap for funksjonshemma og funksjonsfriske er ikkje signifikante, sjå Tabell 1. Det same gjeld for bustadtettleik når det gjeld funksjonshemma. Om funksjonshemma bur i by eller bygd gjer ingen signifikant forskjell på om ein er medlem i ein frivillig organisasjon eller ikkje.

*Tabell 5. Andel som er medlemmer i frivillige organisasjonar fordelt på funksjonshemming og bakgrunnsvariablar. Prosent*

		Funksjonshemma			Funksjonsfriske		
		Er medlem	N	P. verdi	Er medlem	N	P. verdi
Kjønn	Menn	69	162	0,402	70	794	0,642
	Kvinner	65	191		69	766	
Alder	16 - 24 år	52	25	0,035	50	228	0,000
	25 - 44 år	63	78		69	594	
	45 - 66 år	75	158		77	609	
	67år +	62	91		75	130	
Sivilstatus	Ugift	64	87	0,010	59	582	0,000
	Gift	73	187		78	769	
	Skilt/Enke/Sep	54	79		70	209	
Utdanning	Ungdomsskule	57	124	0,001	50	329	0,000
	Videregående	67	151		71	652	
	Uni/høgskule	83	77		80	579	
Hushaldsinntekt	0-299.000	52	97	0,000	58	207	0,000
	300.000- 599.999	66	128		66	553	
	600.000 +	79	128		76	795	
Tettbygd strøk	Under 2000	69	81	0,568	75	349	0,029
	Under 100.000	64	173		67	640	
	Over 100.000	70	96		383	540	
<i>Totalt / Min N</i>		<i>67</i>	<i>350</i>		<i>70</i>	<i>1529</i>	

Noko fleire av funksjonshemma i aldersgruppa 16 til 24 år er organisasjonsmedlemmer i forhold til funksjonsfriske i same aldersgruppe. I dei andre aldersgruppene har funksjonshemma lågare andelar som er medlemmer. Størst er forskjellen i aldersgruppene 25 til 44 år (6 prosentpoeng færre) og i aldersgruppa 67 år og eldre (13 prosentpoeng færre).

Til liks med frivillig arbeid er fleire av dei ugifte funksjonshemma medlemmer enn tilsvarande hos funksjonsfriske. Men, det er færre av dei gifte og skilde/separerte/enke/enkemenn hos dei funksjonshemma som er medlemmer i forhold til tilsvarande hos funksjonsfriske. Funksjonshemma som er skilde, separert eller enke/enkemenn har ein 16 prosentpoeng lågare andel som er medlemmer i forhold til tilsvarande i gruppa for funksjonsfriske.

Når vi ser på utdanning har funksjonshemma større andel organisasjonsmedlemmer i øvste og lågaste utdanningskategori. Størst er forskjellen der ungdomsskule er høgaste fullført utdanning. Her har funksjonshemma 7 prosentpoeng fleire som er medlemmer enn funksjonsfriske.

For inntekt stig andelen medlemmer i gruppa med nedsett funksjonsevne med auka inntektsnivå. På lågaste inntektsnivå ligg funksjonshemma under med 6 prosentpoeng, på midtarste inntektsnivå ligg dei likt og i øvste inntektskategori har dei ein 3 prosentpoeng større andel medlemmer i forhold til funksjonsfriske.

Tidlegare funn indikerer at forskjellane mellom funksjonshemma og funksjonsfriske ikkje er så store når det gjeld å vere medlemmer i ulike typar frivillige organisasjonar. Tal frå SSB si levekårsundersøking i 2004 av medlemskap i utvalde typar organisasjonar synte at forskjellane mellom dei to gruppene var relativ små, med unntak av medlemskap i idrettslag. Funksjonshemma var og sjeldnare med i foreiningar innanfor kulturområdet (Grue 2006). Tabell 6 kan bekrefte nokre av desse tidlegare funna. Forskjellane i medlemskap i ulike typar organisasjonar er ikkje markante. Vi ser likevel at innan idretten er det endå ein lågare andel funksjonshemma (19 prosent) som er organisasjonsmedlemmer i forhold til funksjonsfriske (29 prosent), med ein forskjell på 10 prosentpoeng. Det ligg endå eit potensiale for å få fleire med nedsett funksjonsevne inn i idretten.

På kulturfeltet kan det sjå ut til at forskjellane har utjamna seg i forhold til det ein såg i 2004. Her er andelane organisasjonsmedlemmer blant funksjonshemma og funksjonsfriske like store. Innan helse pleie og omsorg har funksjonshemma ein 4 prosentpoeng større andel medlemmer i forhold til funksjonsfriske. Omvent har funksjonshemma ein andel på 4 prosentpoeng færre som er medlemmer i organisasjonar innan internasjonal utveksling, naudhjelp og bistand.

*Tabell 6. Andel personar, hhv. funksjonshemma og funksjonsfriske som er medlem av frivillige organisasjonar etter organisasjonstypar. Prosent*

	Funksjonshemma	Funksjonsfriske	% diff
Kunst, kultur korps og kor	14	14	0
Idrett og sport	19	29	-10
Hobby, fritid og utendørsaktivitet	19	20	-1
Utdanning, opplæring og forskning	6	7	-1
Helse, pleie og redningsarbeid	18	14	+4
Sosiale tjenester og rusomsorg	9	8	+1
Natur-, miljø- og dyrevern	6	6	0
Velforening, grendelag og nærmiljø	19	19	0
Boretts- og boligbyggelag	15	18	-3
Rettighet, støtte og avhold	2	2	0
Politiske partier	8	6	+2
Internasjonal utveksling, nødhjelp/bistand	7	11	-4
Religion og livssyn	9	9	0
Yrkes-, bransje- og fagforeninger	30	31	-1
Annet	8	5	+3
<i>N</i>	<i>352</i>	<i>1561</i>	

Når det gjeld timar som deltakar i organisasjonsaktivitetar som trening, øving, medlemsmøte og liknande i organisasjonar der ein er medlem, så finn vi ingen signifikante forskjellar mellom funksjonshemma og funksjonsfriske, sjå appendiks. Dette kan tyde på personar med nedsett funksjonsevne som er organisasjonsmedlemmer, ikkje deltar i særleg ulik grad enn funksjonsfriske i aktivitetar i dei ulike typane organisasjonar.

## Kva avgjer om ein er medlem av frivillige organisasjonar?

Vil vi kunne føre dei forskjellane vi har funne i medlemskap, mellom funksjonshemma og funksjonsfriske, tilbake til nedsett funksjonsevne, eller er det sosioøkonomiske forhold som avgjer?

Av Tabell 7 ser vi at verknaden av nedsett funksjonsevne forsvinn når vi kontrollerer for bakgrunnsvariablar. Variablane som har ein signifikant verknad er utdanning, inntekt og alder. Høgare utdanning, inntekt og alder aukar sannsynet for å vere medlem i ein frivillig organisasjon. Verknaden av alder er relativt liten. Vi kan difor i denne modellen i stor grad tilskrive forskjellane mellom funksjonshemma og funksjonsfriske i organisasjonsmedlemskap til ulikt nivå av utdanning og inntekt.

*Tabell 7. Regresjon av medlemskap kontrollert for funksjonsevne, utdanning, inntekt, sivilstatus, alder, kjønn og bustad. Ustandardiserte koeffisientar*

Uavhengig variabel	Modell 1
Nedsett funksjonsevne	-,09
Utdanning	,60**
Inntekt	,20**
Gift	,14
Alder	,02**
Kvinne	-,09
Tettbygd strøk	-,12
	<i>Cox/Snell R square</i>
	,09
	<i>N</i>
	1845

\*Signifikant på 5 % -nivå

\*\*Signifikant på 1 % -nivå

## Økonomisk støtte til frivillige organisasjonar

I tillegg til at ein kan gje av tida si til frivillig arbeid eller som medlem, er også økonomisk støtte eit svært viktig bidrag til frivillige organisasjonar. Tabell 8 syner det gjennomsnittlege beløpet ein husstand har gjeve til frivillige organisasjonar det siste året.

På eit av dei fire områda finn vi signifikant forskjell mellom funksjonshemma og funksjonsfriske. Dette er støtte til organisasjonar innanfor sosiale tenester og rusomsorg. Her gjev seks prosentpoeng fleire av funksjonshemma økonomisk støtte, i forhold til funksjonsfriske. Dette kan mogeleg forklarast ved at dei i større grad ynskjer å støtte mellom andre organisasjonar for funksjonshemma, som ligg innanfor dette området. I ein kontroll for den isolerte effekten av nedsett funksjonsevne (sjå appendiks) så finn vi likevel ingen signifikant verknad av denne eigenskapen på sannsynet for å gje pengar. Økonomiske bidrag til organisasjonar innan sosiale tenester og rusomsorg kan ikkje forklarast ut frå nedsett funksjonsevne. Når det gjeld beløpsstorleik i gåve til frivillige organisasjonar finn vi heller ingen signifikante forskjellar mellom funksjonshemma og funksjonsfriske.

*Tabell 8. Andel husstandar med hhv. funksjonshemma og funksjonsfriske som har gjeve økonomisk støtte til ulike typar frivillige organisasjonar siste år.*

*Prosent*

	Funksjonshemma	Funksjonsfrisk	% diff	Totalt	P. verdi
Helse, pleie og redningsarbeid	49	48	+1	48	0,835
Sosiale tenester og rusomsorg	36	30	+6	31	0,023
Internasjonal utveksling/nødhjelp/bistand	42	44	-2	44	0,419
Religion og livssyn	17	14	+3	15	0,136
<i>Min N =</i>	<i>340</i>	<i>1534</i>			

## Haldningar til og motivasjon for frivillig arbeid

For å kunne seie noko om frivillige sin lojalitet til organisasjonar og kva dei meiner om frivillig arbeid, vart dei frivillige i undersøkinga stilt nokre haldningsspørsmål omkring frivillig arbeid. Tabell 9 syner ein signifikant forskjell mellom funksjonshemma og funksjonsfriske på eit spørsmål om kor viktig medlemskapen er. Her meiner funksjonshemma i større grad at det er viktig å vere medlem i organisasjonen der ein gjer frivillig arbeid, i forhold til funksjonsfriske.

*Tabell 9. Andelar frivillige som er svært eller delvis einig i haldningar knytt till frivillig organisasjonsarbeid, fordelt på hhv. funksjonshemma og funksjonsfriske. Prosent*

	Funksjonshemma	Funksjonsfrisk	% diff.	Totalt	P. verdi
Viktig å være medlem i organisasjon der man gjør frivillig arbeid	89	82	+7	83	0,035
N	129	736		865	
Viktig at jobbet for en bestemt organisasjon	59	60	-1	60	0,739
N	131	731		862	
Viktig at det er frivillige organisasjoner du jobber for	85	62	+23	62	0,435
N	130	730		860	

Note: Svaralternativa for desse spørsmåla er: «svært einig», «delvis einig», «verken eller», «delvis ueinig», «svært ueinig». Her visast sammenslått kategori for dei som var svært einig og delvis einig.



*Tabell 10. Frivillig versus betalt arbeid. Andelar som er svært eller delvis enig i utsegn fordelt på hhv. funksjonshemma og funksjonsfriske. Prosent*

		Funksjonshemma	Funksjonsfrisk	% diff.	Totalt	P. verdi
Heller betalt enn å gjøre frivillig arbeid, viss mulig	N	34 339	29 1503	+5	30 1842	0,041
Frivilliges verdier kan ikke erstattes av lønnet arbeidskraft	N	86 352	85 1560	+1	86 1912	0,715

Note: Svaralternativa er «svært enig», «delvis enig», «verken eller», «delvis ueinig» og «svært ueinig». Her visast fordeling på samanslåtte kategoriar «svært enig» og «delvis enig».

Samtidig meiner fleire med nedsett funksjonsevne, enn funksjonsfriske, at dei heller ville betalt i staden for å utføre frivillig arbeid, om dette var mogeleg, sjå Tabell 10. Ei forklaring kan vere at funksjonshemma i større grad ser det som eit enklare alternativ å betale seg ut av frivillig arbeid, på grunn av problem som følgje av nedsett funksjonsevne.

På eit spørsmålsbatteri med 11 grunnar til å gjere frivillig arbeid vart frivillige i undersøkinga bedde om å vurdere, på ein skala frå ein til sju, kor viktig ulike grunnar for å gjere frivillig arbeid er (1= liten betyding, 7= stor betyding). På to av spørsmåla er forskjellane mellom funksjonshemma og funksjonsfriske signifikante. Personar med nedsett funksjonsevne meiner i større grad enn funksjonsfriske at dei opplever ei auka sjølvkjensle gjennom frivillig arbeid som viktig ein motivasjonsfaktor. Ein annan motivasjonsfaktor som har større betyding for fleire av dei funksjonshemma enn dei funksjonsfriske er det å syne medkjensle med menneske som har det verre enn ein sjølv.

*Tabell 11. Andelar som meiner nemnte grunnlag for frivillig arbeid har stor betydning, fordelt på hhv. funksjonshemma og funksjonsfriske. Prosent*

		Funksjonshemma	Funksjonsfrisk	Totalt	% diff.	P. Verdi
Jeg har vener som arbeider frivillig		46	42	42	+4	
	N	144	784	928		0,342
Som frivillig blir jeg mer fornøyd med meg selv		67	53	55	+14	
	N	144	779	923		0,003
Folk som står meg nær har oppfordret meg til å arbeide som frivillig		36	32	33	+4	
	N	142	776	918		0,423
Som frivillig viser jeg medfølelse med dem som har det verre enn meg		65	51	53	+14	
	N	141	779	920		0,003
Jeg kan lære mer om det eg arbeider for		73	67	68	+6	
	N	143	779	922		0,130
Jeg kan få kontakter som kan hjelpe meg i arbeidslivet senere		30	35	34	-5	
	N	141	779	920		0,323
Jeg føler et sosialt press til å delta		15	13	13	+2	
	N	142	779	921		0,366
Som frivillig kan jeg gjøre noe konkret for saker som opptar meg		74	75	75	-1	
	N	141	782	923		0,906
Jeg føler meg betydningsfull når jeg arbeider som frivillig		56	48	49	+8	
	N	141	778	919		0,068
Som frivillig lærer jeg noe gjennom praktisk erfaring		66	65	65	+1	
	N	140	776	916		0,815
Det er bra å ha en attest på at man har jobbet som frivillig		35	31	31	+4	
	N	140	778	918		0,315

Om vi vidare kontrollerer for om det er funksjonshemminga som avgjer desse forskjellane, sjå Tabell 12, så finn vi at funksjonshemming ikkje har nokon signifikant effekt på desse to motiva for frivillig arbeid. Også her er det utdanning, inntekt og til dels kjønn som har signifikant verknad. Høgare utdanning og inntekt vil redusere kor viktig ein meiner desse motiva er for å gjere frivillig arbeid. At personar med nedsett funksjonsevne generelt har lågare inntekt og utdanning kan derfor vere ein grunn til at dei har høgare score på desse motiva.

*Tabell 12. Bakgrunnsvariablar og effekt på motivasjonsfaktorar for frivillig arbeid. Lineære regresjonar*

Uavhengig variablar	Som frivillig blir eg mer fornøyd med meg selv	Som frivillig viser eg medfølelse med dem som har det verre enn meg
Nedsett funksjonsevne	,25	,19
Utdanning	-,20*	-,51**
Inntekt	-,14**	-,18**
Gift	,01	,03
Alder	,00	,00
Kvinne	,14	,32*
Tettbygd strøk	-,12	-,05
	<i>Adjusted R square</i>	<i>0,022</i>
	<i>N</i>	<i>866</i>
		<i>0,055</i>
		<i>866</i>

† Signifikant på 10 % -nivå, \*Signifikant på 5 % -nivå, \*\*Signifikant på 1 % -nivå

## Hindringar for auka deltakingsnivå i frivillige organisasjonar

Motivasjon, eller rettare sagt mangel på motivasjon, kan vere grunn til å ikkje delta i frivillige organisasjonar, men det finnast også andre hindringar for deltaking i frivillig organisasjonsliv. I undersøkinga vart det spurt om kva som hindra ei så aktiv deltaking i frivillige organisasjonar som ynskjeleg. Tabell 13 syner fordelinga av respondentar som meiner dei ulike barrierane for deltaking er svært viktige som grunn for ikkje å delta. Dette er for å få tydeleg fram kva hindringar som har stor betydning.

*Tabell 13. Svært viktige hindringar for å delta så mykje som ynskjeleg i frivillige organisasjonar. Fordelt på hhv. funksjonshemma og funksjonsfriske. Prosent*

	Funksjonshemma	Funksjonsfriske	% diff.	Totalt	P. verdi
Arbeidssituasjonen min er for krevende	19	25	-6	24	0,017
Ingen har spurt meg om å delta	6	7	-1	7	0,602
Jeg er ikke interessert	13	11	+2	11	0,307
Jeg har helseproblemer	38	5	+33	11	0,000
Jeg er for opptatt med andre aktiviteter	20	31	-11	29	0,000
Jeg mangler barnepass	9	9	0	9	0,133
Jeg har problemer med transport	9	2	+6	3	0,000
Jeg føler meg ikke velkommen	2	1	+1	2	0,242
Jeg vet ikke hvor eg skal starte	5	4	+1	4	0,484

*Min N = 1897*

Note: Svaralternativa er «svært viktig», «litt viktig», «ikkje viktig i det heile tatt» og «ikkje relevant». Her visast fordeling på «svært viktig».

Tabell 13 fortel oss at det er tre hindringar som blir opplevd signifikant forskjellig mellom funksjonshemma og funksjonsfriske. Som forventa er helseproblem ei sentral barriere for funksjonshemma. 33 prosentpoeng fleire av funksjonshemma enn funksjonsfriske oppgjev dette som ei svært viktig hindring for å delta så mykje som dei kunne ynskt i frivillige organisasjonar. Dårleg helse vil også generelt redusere mengd frivillig arbeid som blir gjort (Musick & Wilson 2008). Omvent er det færre funksjonshemma enn funksjonsfriske som er for opptatt med andre aktivitetar. Problem med transport er ei viktig hindring for fleire funksjonshemma enn funksjonsfriske, men skiljet mellom gruppene er ikkje like stort her som for dei to andre hindringane.

## Haldningar til demokrati og deltaking

Vi ville og undersøke haldningar som organisasjonsmedlemmer har til den organisasjonen dei opplever som viktigast for dei. Tabell 14 syner ein så vidt signifikant forskjell mellom funksjonshemma og funksjonsfriske på siste spørsmål; om passive medlemmer også er viktige for frivillige organisasjonar. Her er det eit klart fleirtal av funksjonshemma som meiner at passive medlemmer gjev viktige bidrag til frivillige organisasjonar, i forhold til

funksjonsfriske. Signifikansnivået (10 prosent nivå) tilseier at denne forskjellen er mindre sikker.

*Tabell 14. Andel som er svært eller delvis enig i utsegn, fordelt på hhv. funksjonshemma og funksjonsfriske. Prosent*

		Funksjonshemma	Funksjonsfrisk	% diff.	Totalt	P. verdi
Viktig at organisasjon er demokratisk organisert		95	96	-1	96	0,928
	N	150	800		950	
Gjennom å delta i organisasjonen får jeg god skoloring i demokratiske spilleregler		82	80	+2	80	0,625
	N	116	663		779	
Stiller gjerne opp på bestemte tiltak organisasjonene setter i gang, men orker sjelden å delta i vanlig møtevirksomhet		46	46	0	46	0,940
	N	135	765		900	
Man gir et viktig bidrag til organisasjonenes virksomhet også ved å stå som passivt medlem		89	76	+13	77	0,071
	N	151	789		940	

Note: Svaralternativa er: «svært enig», «delvis enig», «verken eller», «delvis ueinig», «svært ueinig». Her visast fordeling på samanslåtte kategoriar «svært enig» og «delvis enig».

## Andre deltakingsformer i sivilsamfunnet

### Politisk deltaking

I samanheng med at vi ser på deltaking og engasjement i frivillige lag og organisasjonar, så er det også relevant å sjå nærare på meir politisk retta engasjement og politisk interesse. Er politisk engasjement lågare for personar med funksjonshemming?

I Tabell 15 ser vi at det er færre av funksjonshemma som innehar politiske verv pr. no, men at det er fleire funksjonshemma som har hatt eit politisk verv tidlegare, i forhold til funksjonsfriske. Det er også færre funksjonshemma som aldri har hatt eit slikt politisk verv. Interesse for politikk er derimot ikkje signifikant ulik mellom funksjonshemma og funksjonsfriske, sjå Tabell 16. Dette gjeld også for politisk interesse på ulike nivå i samfunnet, sjå Tabell 17.

*Tabell 15. Andeler som har no, har hatt eller aldri har hatt politiske verv. Fordelt på hhv. funksjonshemma og funksjonsfriske. Prosent*

	Funksjonshemma	Funksjonsfriske	% diff.	Totalt	P. verdi
Har nå	2	4	-2	4	
Har hatt	14	10	+4	11	0,013
Aldri hatt	84	86	-2	86	
<i>N =</i>	<i>352</i>	<i>1560</i>		<i>1912</i>	

*Tabell 16. Andel med generelt stor interesse i politikk. Fordelt på funksjonshemma. Prosent*

	Funksjonshemma	Funksjonsfriske	% diff.	Totalt	P. verdi
Stor politisk interesse	64	62	+4	63	
	N	352	1561	1913	0,664

Note: Svarkategoriene var «meget interessert», «ganske interessert», «ikkje særlig interessert» og «ikkje interessert i det hele tatt». Her visast fordelinga på sammenslåtte kategoriar meget «interessert» og «ganske interessert»

*Tabell 17. Andel med stor interesse for politikk på ulike nivå. Fordelt på funksjonshemma. Prosent*

	Funksjonshemma	Funksjonsfrisk	% diff.	Totalt	P. verdi
Lokal politikk	64	65	-1	64	0,835
Nasjonal politikk	66	70	-4	69	0,119
Europeisk politikk	42	43	0	43	0,839
Internasjonal politikk	53	57	-4	56	0,231
N =	353	1561		1914	

## Nettbasert deltaking

Respondentane vart vidare spurt om kor effektivt dei meiner ulike former for deltaking i sivilsamfunnet er, i forhold til å endre på noko som er viktig for dei. Tabell 18 syner andelar som meiner den aktuelle deltakingsforma er effektiv. Den einaste deltakingsforma med signifikant ulik vurdering mellom funksjonshemma og funksjonsfriske er nettbasert deltaking.

*Tabell 18. Haldningar til ulike deltakingsformer sin effektivitet. Fordelt på funksjonshemma. Prosent*

	Funksjonshemma	Funksjonsfrisk	% diff	Totalt	P. verdi
Delta i arbeidet i et politisk parti	58	57	+1	58	0,554
Arbeide i frivillige organisasjoner/foreninger	73	71	+2	71	0,149
Stemme ved offentlige valg	83	82	+1	82	0,110
Personlig kontakt med politikere	46	50	-4	49	0,249
Delta i aksjoner, demonstrasjoner	49	46	+3	46	0,331
Blogginnlegg/nettbaserte diskusjonsgrupper	39	32	+7	33	0,038
<i>N =</i>	<i>352</i>	<i>1561</i>		<i>1913</i>	

Note: Respondentene ble bedt om å vurdere deltagelsesformer på en skala fra 1 til 10 der 0 er ikke effektivt i det hele tatt og 10 er svært effektivt. Her vises de som har svart 6 til 10.

I Tabell 18 ser vi at ein større andel av funksjonshemma ser nettbasert deltaking som ein effektiv kanal for å påvirke avgjersleprosessar i samfunnet, i forhold til funksjonsfriske. Bruk og bruksnytte av internett kan variere mellom ulike typar menneske. Sjølv om fleire funksjonshemma enn funksjonsfriske ser nettbasert deltaking som effektiv, så syner Tabell 19 at det er færre funksjonshemma som faktisk er aktive i nettsamfunn og diskusjonsgrupper på nett, i forhold til funksjonsfriske.

*Tabell 19. Andel som er aktive i og/eller gjort frivillig arbeid for eit nettsamfunn eller ei diskusjonsgruppe på nett fordelt på funksjonshemma og funksjonsfriske. Prosent*

	Funksjonshemma	Funksjonsfrisk	% diff.	Totalt	P. verdi
Aktiv i nettsamfunn eller diskusjonsgruppe på nett?	19	25	-6	24	0,041
Frivillig arbeid for nettsamfunn eller diskusjonsgruppe?	2	3	-1	3	0,612
<i>N =</i>	<i>249</i>	<i>1412</i>		<i>1661</i>	



Her er det likevel viktig å presisere at kategorien funksjonshemma ikkje er ei einsarta gruppe og at bruk og bruksnytte av internett også varierer innanfor denne gruppa. Menneske som er døve eller har nedsett hørsel skil kan her tene som eksempel på ei gruppe som har ein særskild utbreidd bruk og nytte av internett (Eimhjellen 2008).

I ein kontroll for isolert effekt av nedsett funksjonsevne finn vi ingen signifikant effekt av funksjonshemming på vurdering av nettbasert deltaking (sjå appendiks). Sjølv om det er signifikante forskjellar mellom funksjonshemma og funksjonsfriske i trua på denne deltakingsforma, så er ikkje nedsett funksjonsevne årsaka til dette. Variablar som har ein signifikant verknad, og i positiv retning, er det å bu i tettbygd strøk, det å vere kvinne og det å ha høg utdanning.

---

## Sosial kapital, nettverk og tillit

Tilslutt i denne rapporten skal vi sjå om vi finn forskjellar i sosial kapital mellom funksjonshemma og funksjonsfriske. Sosial kapital blir her forstått som ei samling av ressursar kopla til sosiale relasjonar i form av tillit og nettverk. Sosial kapital er ikkje individuelt, men noko som ein person vil ha tilgang til gjennom mellommenneskelege relasjonar (Lin 2005). Frivillige organisasjonar kan i denne samanhengen sjåast på som nettverk som gjev mogelegheit for sosiale relasjonar. Fyrst skal vi sjå på spørsmål om funksjonshemma sine sosiale nettverk i forhold til frivillige organisasjonar, kva som kjenneteiknar personar i desse nettverka og kor nær ein står andre i frivillige organisasjonar.

### Er andre medlemmer lik ein sjølv?

Respondentane som deltok i frivillige organisasjonar vart spurde om forhold ved den organisasjonen dei opplever som viktigast. Dei vart her spurde om andre deltakarar i organisasjonen er like eller ulike, med omsyn til fem kjenneteikn. Dette er fem kjenneteikn som kan ha betydning for tillit, inkludering og deltaking i samfunnet. Putnam (2007) skil i denne samanhengen mellom *samanbindande sosial kapital* og *overskridande sosial kapital*. Samanbindande kapital blir her forstått som band til menneske som er lik deg på eit sentralt kjenneteikn. Overskridande kapital blir skildra som band til menneske som er ulik deg på eit sentralt kjenneteikna (Putnam 2007:143). I Tabell 20 syner vi andelar som har svart at «alle» eller «nesten alle» i organisasjonen er lik vedkomande på fem kjenneteikn, fordelt på funksjonshemma og funksjonsfriske.

*Tabell 20. Andel der alle eller nesten alle er lik meg på desse kjenneteikna. Fordelt på hhv. funksjonshemma og funksjonsfriske. Prosent*

	Funksjonshemma	Funksjonsfrisk	% diff.	Totalt	P. verdi
Etnisk bakgrunn	64	78	-14	75	0,000
Kjønn	31	35	-4	34	0,320
Omtrent samme alder	27	26	+1	26	0,753
Tilsvarende utdanningsnivå	13	23	-10	22	0,006
Livssyn	37	44	-7	43	0,135
	<i>N</i>	159	801	960	

Svaralternativa var «alle», «nesten alle», «noen», «nesten ingen», «ingen». Her syner vi fordelinga over «alle» og «nesten alle».

Vi ser av Tabell 20 at funksjonshemma sjeldnare er med i organisasjonar der alle eller nesten alle har lik etnisitet, i forhold til funksjonsfriske. Også for utdanning er det færre funksjonshemma som deltar i organisasjonar der alle eller nesten alle har likt utdanningsnivå, i forhold til funksjonsfriske. Funksjonshemma deltar altså meir i organisasjonar der medlemmer har ulik etnisitet og ulikt utdanningsnivå i forhold til kva funksjonsfriske gjer. Dette kan tyde på funksjonshemma, i større grad enn funksjonsfriske, kan få tilgang til overskridande sosial kapital og omvendt, at funksjonsfriske i større grad får tilgang til samanbindande sosial kapital i forhold til funksjonshemma. På dei andre kjenneteikna var det ingen signifikante forskjellar funksjonshemma og funksjonsfriske.

## Nærleik og sosiale band til andre medlemmer

Neste sett av spørsmål er med på å måle kva medlemmene sjølve vurderer at dei får ut av organisasjonsdeltakinga med omsyn til sosiale nettverk. Dette har med type forhold ein har til andre menneske i den frivillige organisasjonen ein anser som viktigast, og kor nært knytt ein er til andre medlemmer. Tabell 21 syner dei som har svart at dei er svært eller delvis einige i ei rekke utsegner som angår dette.

*Tabell 21. Andel som er svært eller delvis einig i utsegner om den organisasjon ein opplever som viktigast. Fordelt på funksjonshemma. Prosent*

	Funksjonshemma	Funksjonsfrisk	% diff.	Totalt	P. verdi
Har noen å spørre om råd for å ta viktige avgjørelser	68	57	+11	59	0,037
	N 101	568		669	
Ingen eg føler eg kan diskutere intime problemer med	68	59	+9	61	0,254
	N 44	202		246	
Viss eg er ensom har eg flere å snakke med	66	66	0	66	0,991
	N 105	527		631	
Kontakt med folk der gir meg nye å snakke med	73	67	+6	68	0,201
	N 126	656		782	
Kontakt med folk der gjør meg interessert i hva mennesker som er ulike meg tenker	65	61	+4	61	0,362
	N 112	594		707	
Kontakt med folk der gjør meg interessert i hva som skjer utenfor hjemstedet mitt	61	60	+1	60	0,815
	N 101	552		653	

Note: Svaralternativene var «Svært enig», «delvis enig», «verken eller», «delvis uenig», «svært uenig». Her vises fordeling på «svært enig» og «delvis enig».

Vi ser i Tabell 21 ein signifikant forskjell mellom funksjonshemma og funksjonsfriske om dei opplever å ha nokon å spørje om råd i organisasjonen ved viktige avgjersler. Her er det fleire funksjonshemma som er einige, i forhold til funksjonsfriske. Dette er den einaste signifikante forskjellen mellom funksjonshemma og funksjonsfriske på desse spørsmåla.

## Tillit til andre menneske

Tillit til andre menneske kan som nemnt tolkast som eit uttrykk for sosial kapital. På tre spørsmål er respondentane i undersøkinga bedne om å plassere seg sjølve på ein skala frå 0 til 10 i forhold til ulike utsegner om tillit til andre menneske, der 0 betyr liten tillit og 10 betyr stor tillit.

Tabell 22 syner gjennomsnittet for funksjonshemma og funksjonsfriske på dei tre skalaene. Vi finn signifikante forskjellar på to av desse, der funksjonshemma syner litt lågare tillit til andre menneske. Størst skilnad finn vi på siste spørsmål; om dei fleste vil prøve å utnytte deg om dei fekk sjansen. Her har funksjonshemma 0,29 poeng lågare gjennomsnitt enn funksjonsfriske.

I Tabell 23 ser vi korleis funksjonshemma og funksjonsfriske fordeler seg i forhold til andelar i begge grupper som er einige i dei same utsegna for tillit.

*Tabell 22. Gjennomsnitt på tre ulike skalaer som indikerer tillit til andre menneske. Fordelt på funksjonshemma*

	Funksjonshemma	Funksjonsfrisk	Diff.	Totalt	P. verdi
De fleste er til å stole på 0=kan ikke være forsiktig nok, 10=de fleste er til å stole på	6,05	6,55	-0,5	6,46	0,000
St. avvik	2,43	2,13		2,20	
De fleste er hjelpsomme 0=de fleste tar kun hensyn til seg selv, 10=de fleste er hjelpsomme	6,21	6,30	-0,09	6,29	0,453
St. avvik	2,35	1,98		2,10	
De fleste ville forsøke å utnytte deg om de fikk mulighet 0=de fleste vil utnytte deg, 10=de fleste vil være reale	6,84	7,13	-0,29	7,07	0,024
St. avvik	2,64	2,02		2,15	
Min N =	350	1554		1905	

*Tabell 23. Andeler som er enige i utsegn fordelt på hhv. funksjonshemma og funksjonsfriske. Prosent*

	Funksjonshemma	Funksjonsfrisk	Diff.	Totalt	P. verdi
De fleste er til å stole på 0=kan ikke være forsiktig nok, 10=de fleste er til å stole på	56	66	-10	64	0,001
N	352	1560		1912	
De fleste er hjelpsomme 0=de fleste tar kun hensyn til seg selv, 10=de fleste er hjelpsomme	58	66	-8	64	0,034
N	353	1561		1914	
De fleste ville forsøke å utnytte deg om de fikk mulighet 0=de fleste vil utnytte deg, 10=de fleste vil være reale	70	78	-8	77	0,000
N	352	1561		1913	

Note: Her vises andeler som svarte 6 til 10 på den respektive skalaen.

Tabell 23 stadfester det vi såg i Tabell 22, at funksjonshemma har lågare grad av tillit til andre menneske enn funksjonsfriske. Færre funksjonshemma enn funksjonsfriske er enige i at dei fleste er til å stole på, at dei fleste er hjelpsame og at dei fleste vil vere reale. For å kontrollere kva desse forskjellane kjem av gjennomfører vi ei regresjonsanalyse av dei tre måla på tillit. I analysen har vi sett dei tre måla saman til ein indeks.

*Tabell 24. Lineær regresjon av indeks for tillit, kontrollert for bakgrunnsvariablar*

Uavhengige variablar	Tillit
Nedsett Funksjonsevne	-,95**
Utdanning	,63**
Inntekt	,13
Gift	,10
Alder	,03**
Kvinne	1,42**
Tettbygd strøk	-,18
<i>Adjusted R square</i>	<i>0,044</i>
<i>N</i>	<i>1892</i>


†Signifikant på 10 % -nivå

\*Signifikant på 5 % -nivå

\*\*Signifikant på 1 % -nivå

Tabell 24 syner oss dei uavhengige variablane sin endringseffekt på tillitindeksen på 33 poeng. Nedsett funksjonsevne har ein sjølvstendig negativ effekt på grad av generell tillit til andre menneske. Frå eit gjennomsnitt på 15,34 poeng av ein 33 poeng indeks, blir tilliten svekka med 0,95 poeng om ein har nedsett funksjonsevne. Ein større innverknad, men i positiv retning har det å vere kvinne, ei auke på 1,42 poeng. Om ein aukar utdanningsnivå opp eit nivå aukar tilliten med 0,63 poeng. Eit år høgare alder gjev ein tillitsauke på 0,03 poeng. Resultata er illustrert i Figur 3. Effektane er ikkje svært store for nokre av desse variablane, men gjev ein indikasjon på forskjellar i tillit mellom ulike grupper menneske.

*Figur 3 Endring i verdi på 33 poeng tillitindeks ved endring i verdi på uavhengige variablar.*



## Tillit og frivillig arbeid

Eric Uslaner hevdar at tillit fører til frivillig arbeid. Tillitsfulle menneske har høgare sannsyn for å gjere frivillig arbeid. Det er ikkje slik at frivillig verksemd fører til tillit, sidan han finn eit berre så vidt høgare sannsyn for å stole på andre (Uslaner 2000). Robert Putnam (1993; 2000) vil på den andre sida hevde at deltaking i frivillige organisasjonar fører til tillit og derav sosial kapital. Det er i grupper og frivillige organisasjonar at ein møter andre ansikt til ansikt og byggjer tillit, nettverk og sosial kapital (Putnam, 1993; 2000). Årsaksretninga, kva som fører til kva, syner seg å vere omstridt. Ei vanleg tilnærming er derfor å sjå det som eit gjensidig påverknadsforhold der tillit kan bidra til frivillig arbeid og frivillig arbeid kan bidra til tillit (Musick & Wilson 2008).<sup>4</sup>

At det er ein samanheng mellom frivillig arbeid og tillit er derimot ikkje så omstridt. World Values Survey syner at frivillige er meir tillitsfulle enn ikkje-frivillige. Dette stemmer også om ein kontrollerer for ulik sosioøkonomisk status (Anheier & Kendall 2002). Å vere ein tillitsfull person gjer det altså enklare å vere frivillig (Wood 1997; Brady, Schlozman et al. 1999).

Som vi ser av analysen av tillitsindeksen over så vil ulike grupper ha ulike grad av tillit, funksjonshemma vil ha lågare tillit enn funksjonsfriske og lågare utdanna vil ha lågare tillit enn høgt utdanna. Andre studiar bekreftar at dei som har høg score på indikatorar for sosial status har høgare tillit enn dei som har låg score for sosial status (Kohut 1997).

Når funksjonshemma har lågare tillit i tillegg til lågare sosioøkonomisk status og når funksjonshemminga i seg sjølv har ein negativ effekt på sannsynet for å gjere frivillig arbeid, så er dette med å forklare variasjonen vi har sett i deltaking i frivillig arbeid.

Tillit er noko vi gjerne har meir av til menneske som er like oss sjølve, som er del av det same moralske fellesskapet, der vi kjenner ansvar og har medkjensle for andre, ei partikulær form for tillit (Uslaner 2002), eller samanbindande sosial kapital som Putnam vil kalle det (Putnam, 2007). Dette aspektet ved tillit kan vere med å forklare funnet om at funksjonshemma deltar så mykje meir i organisasjonar innanfor kategorien sosiale tenester og rusomsorg, der organisasjonar for funksjonshemma ligg. Dei har nærleik til temaområdet og vil i større grad oppleve ansvar og medkjensle til andre funksjonshemma. Denne tilliten, ansvarskjensla og medkjensla med dei som er like ein sjølv kan også vere med å forklare kvifor funksjonshemma i større grad donerer pengar til organisasjonar i denne kategorien når vi har sett at funksjonshemminga i seg sjølv ikkje forklarar forskjellen.

---

4. For meir diskusjon av tillit, nettverk og sosial kapital i Noreg sjå Wøllebæk og Seggaard 2011. Sosial Kapital i Norge.





---

## Oppsummering og konklusjon

I det store og heile er ikkje forskjellane mellom funksjonshemma og funksjonsfriske markant store i forhold til frivillig arbeid, organisasjonsmedlemskap og haldningar til engasjement i frivillige organisasjonar. Det er likevel verdt å merke seg at innanfor idretten er andelen frivillige og medlemmer med nedsett funksjonsevne noko lågare enn for funksjonsfriske. Det ligg her eit potensiale for idrettsorganisasjonar til å nå ut til og rekruttere medlemmer med nedsett funksjonsevne. Det ligg også eit potensiale for å kunne ta i bruk fleire med nedsett funksjonsevne som frivillig arbeidskraft, for eksempel på trenings- og/eller leiingssida innan idretten. Her skal ein likevel ta omsyn til at ein tredjedel av dei funksjonshemma oppgjev helseproblem som ei viktig årsak til å ikkje delta meir aktivt i frivillige organisasjonar.

Innanfor sosiale tenester og rusomsorg har personar med nedsett funksjonsevne i gjennomsnitt timar utført tre gonger så mange timar frivillig arbeid som funksjonsfriske. På kulturfeltet kan det sjå ut til at forskjellane har utjamna seg i forhold til det ein såg i 2004. Andel organisasjonsmedlemmer blant funksjonshemma er no like stor som hos funksjonsfriske innanfor kulturfeltet. Innan helse, pleie og redningsarbeid har funksjonshemma ein 4 prosentpoeng større andel medlemmer i forhold til funksjonsfriske.

Om vi ser på kva som er med å avgjere frivillig arbeid og organisasjonsmedlemskap så ser vi at nedsett funksjonsevne i seg sjølv har ein avgrensa effekt. Det er i stor grad nivå av utdanning og inntekt som avgjer om ein gjer frivillig arbeid eller er medlem i ein frivillig organisasjon.

Når det gjeld haldningar til frivillig arbeid finn vi at fleire funksjonshemma enn funksjonsfriske heller vil betale i staden for å utføre frivillig arbeid om dette hadde vore mogeleg. Funksjonshemma opplever mogeleg dette som eit enklare alternativ enn å vere frivillig, på grunn av utfordringar som følgje av nedsett funksjonsevne. Dette kan vi også setje i samanheng med at helseproblem er den mest utbreidde barrieren mot å delta meir, for funksjonshemma. Transport er også ei sentral utfordring for fleire med nedsett funksjonsevne samanlikna med funksjonsfriske.

Om vi ser på motivasjon for frivillig arbeid så meiner funksjonshemma i større grad enn funksjonsfriske at dei opplever ei auka sjølvkjensle gjennom frivillig arbeid. Ein annan motivasjonsfaktor som har større betydning for fleire av funksjonshemma enn funksjonsfriske er at dei kan syne medkjensle med menneske som har det verre enn dei sjølve. Funksjonshemma opplever også i større grad enn funksjonsfriske å ha nokon å spørje om råd i organisasjonar ved viktige avgjersler. Når det gjeld generell tillit til andre menneske finn vi at funksjonshemma har noko lågare grad av tillit enn funksjonsfriske.

Ut frå analysane i denne rapporten ser det ikkje ut til å vere store skilnader mellom funksjonshemma og funksjonsfriske i deltaking i frivillig sektor. Vi finn nokre skilje innanfor nokre område og ved haldningar omkring frivillig arbeid og samfunnsdeltaking. Likevel, med norsk politikk om å få til full deltaking og likestilling for personar med nedsett funksjonsevne, i samfunnet og i det frivillige, bør det fokuserast på deltaking i idretten og på like moglegheiter for å delta gjennom frivillig arbeid.

---

## Litteratur

- Anheier, H. & J. Kendall (2002), «Interpersonal trust and voluntary associations: examining three approaches». *British journal of sociology* 53(3): 343-362.
- Brady, H., K. L. Schlozman, et al. (1999), «Prospecting for participants: rational expectations and the recruitment of political activists». *American Political Science Review* 93: 153-159.
- Bø, T. P. & I. Håland (2010), *Funksjonshemma på arbeidsmarknaden*. Rapporter. SSB. Oslo - Kongsvinger, Statistisk sentralbyrå. 52.
- Eimhjellen, I. (2008), «Nettsosialisering, hørsel og tilhørsel - fellesskap og frigjering gjennom internettverk». *Tidsskrift for ungdomsforskning* 8(2): 43-67.
- Grue, L. (2006), Full deltakelse for alle? Delrapport kultur og fritid, Sosial og Helsedirektoratet & Nasjonalt dokumentasjonssenter for personer med nedsatt funksjonsevne.
- Kohut, A. (1997), *Trust and Civic Engagement in Metropolitan Philadelphia. A Casestudy*. Washington, Pew Center for the People and the Press.
- Lin, N. (2005), Social Capital. *To appear in the International Encyclopedia of Economic Sociology*. J. Beckert and M. Zagiroski. London/New York, Rutledge Ltd.
- Manneråk, S. (2001), *NOU 2001: 22 Fra bruker til borger*. Arbeidsdepartementet. Oslo.
- Musick, M. & J. Wilson (2008), *Volunteers: a social profile*. Bloomington, Indiana University Press.
- Putnam, R. D. (1993), *Making democracy work: Civic traditions in modern Italy*. Princeton, NJ, Princeton University Press.
- Putnam, R. D. (2000), *Bowling Alone. The collapse and revival of American community*. New York, Simon & Schuster Paperbacks.
- Putnam, R. D. (2007), «*E Pluribus Unum*: Diversity and Community in the Twenty-first Century. The 2006 Johan Skytte Prize Lecture». *Scandinavian Political Studies* 30(2).
- St.meld 39 (2006-2007), *Frivillighet for alle*. Oslo, Det Kongelige Kultur- og Kirkedepartement.
- Uslander, E. (2000), «Producing and Consuming Trust». *Political Science Quarterly* 115(4): 569-590.
- Uslaner, E. (2002), *The Moral Foundations of Trust*. Cambridge, Cambridge University Press.
- Wollebæk, D. K. H. Sivesind (2010), *Fra folkebevegelse til filantropi?* Oslo, Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Wood, R. (1997), «Social Capital and Political Culture. God Meets Politics in the Inner City». *American Behavioral Scientist* 40(5): 595-605.



---

## Tabelliste

Tabell 1. Andel som har utført frivillig arbeid fordelt på bakgrunnsvariablar og funksjonshemming. Prosent.....	10
Tabell 2. Andel personar, hhv. funksjonshemma og funksjonsfriske som har gjort frivillig arbeid etter frivilligområde. Prosent.....	11
Tabell 3. Gjennomsnitt antal timar som personar med nedsett funksjonsevne og funksjonsfriske har utført innan sosiale tenester og rusomsorg sist år .....	12
Tabell 4. Regresjon av frivillig arbeid kontrollert for funksjonshemming, utdanning, inntekt, sivilstatus, alder og kjønn. Ustandardiserte koeffisientar .....	13
Tabell 5. Andel som er medlemmer i frivillige organisasjonar fordelt på funksjonshemming og bakgrunnsvariablar. Prosent .....	18
Tabell 6. Andel personar, hhv. funksjonshemma og funksjonsfriske som er medlem av frivillige organisasjonar etter organisasjonstypar. Prosent .....	20
Tabell 7. Regresjon av medlemskap kontrollert for funksjonsevne, utdanning, inntekt, sivilstatus, alder, kjønn og bustad. Ustandardiserte koeffisientar .....	21
Tabell 8. Andel husstandar med hhv. funksjonshemma og funksjonsfriske som har gjeve økonomisk støtte til ulike typar frivillige organisasjonar siste år. Prosent.....	22

Tabell 9. Andelar frivillige som er svært eller delvis einig i haldningar knytt till frivillig organisasjonsarbeid, fordelt på hhv. Funksjonshemma og funksjonsfriske. Prosent.....	23
Tabell 10. Frivillig versus betalt arbeid. Andelar som er svært eller delvis einig i utsegn fordelt på hhv. funksjonshemma og funksjons-friske. Prosent .....	24
Tabell 11. Andelar som meiner nemnte grunnlag for frivillig arbeid har stor betydning, fordelt på hhv. funksjonshemma og funksjonsfriske. Prosent.....	25
Tabell 12. Bakgrunnsvariablar og effekt på motivasjonsfaktorar for frivillig arbeid. Lineære regresjonar .....	26
Tabell 13. Svært viktige hindringar for å delta så mykje som ynskjeleg i frivillige organisasjonar. Fordelt på hhv. funksjonshemma og funksjonsfriske. Prosent.....	27
Tabell 14. Andel som er svært eller delvis einig i utsegn, fordelt på hhv. funksjonshemma og funksjonsfriske. Prosent.....	28
Tabell 15. Andeler som har no, har hatt eller aldri har hatt politiske verv. Fordelt på hhv. funksjonshemma og funksjonsfriske. Prosent .....	29
Tabell 16. Andel med generelt stor interesse i politikk. Fordelt på funksjonshemma. Prosent .....	30
Tabell 17. Andel med stor interesse for politikk på ulike nivå. Fordelt på funksjonshemma. Prosent .....	30
Tabell 18. Haldningar til ulike deltakingsformer sin effektivitet. Fordelt på funksjonshemma. Prosent.....	31
Tabell 19. Andel som er aktive i og/eller gjort frivillig arbeid for eit nettsamfunn eller ei diskusjonsgruppe på nett fordelt på funksjonshemma og funksjonsfriske. Prosent.....	31

---

Tabell 20. Andel der alle eller nesten alle er lik meg på desse kjenneteikna. Fordelt på hhv. funksjonshemma og funksjonsfriske. Prosent .....	34
Tabell 21. Andel som er svært eller delvis einig i utsegner om den organisasjon ein opplever som viktigast. Fordelt på funksjonshemma. Prosent .....	35
Tabell 22. Gjennomsnitt på tre ulike skalaer som indikerer tillit til andre menneske. Fordelt på funksjonshemma .....	36
Tabell 23. Andelar som er einige i utsegn fordelt på hhv. funksjonshemma og funksjonsfriske. Prosent.....	37
Tabell 24. Lineær regresjon av indeks for tillit, kontrollert for bakgrunnsvariablar.....	37
Tabell 25. Gjennomsnitt antall timar siste år som personar, hhv. funksjonshemma og funksjonsfriske har vore deltakar i ein organisasjon dei er medlem av, etter frivillighetsområde .....	49
Tabell 26. Gjennomsnitt økonomisk støtte til frivillige organisasjonar. Fordelt på funksjonshemming og frivillighetsområde. Kr/år.....	51
Tabell 27. Regresjon av gjeve økonomisk støtte til frivillige organisasjonar innan fire område. Ustandardiserte koeffisientar.....	51
Tabell 28. Regresjon av vurdering av effektivitet ved nettbasert deltaking kontrollert for bakgrunnsvariablar .....	52





---

## Appendiks

*Tabell 25. Gjennomsnitt antall timar siste år som personar, hhv. funksjonshemma og funksjonsfriske har vore deltakar i ein organisasjon dei er medlem av, etter frivillighetsområde*

	Funksjonshemma	Funksjonsfrisk	Diff.	Total	P. verdi
Kunst, kultur korps og kor	64	86		82	
St. avvik	53	91		85	0,189
N	30	131		162	
Idrett og sport	78	93		91	
St. avvik	100	152		146	0,518
N	43	297		340	
Hobby, fritid og utendørsaktivitet	60	49		51	
St. avvik	94	73		77	0,391
N	39	202		241	
Utdanning, opplæring og forskning	35	24		26	
St. avvik	32	38		37	0,441
N	9	51		60	
Helse, pleie og redningsarbeid	51	37		41	
St. avvik	115	97		103	0,588
N	22	47		69	
Sosiale tjenester og rusomsorg	36	31		32	
St. avvik	41	44		44	0,784
N	6	34		40	
Natur-, miljø- og dyrevern	16	20		19	
St. avvik	16	17		17	0,619
N	5	21		25	

		Funksjonshemma	Funksjonsfrisk	Diff.	Total	P. verdi
Velforening, grendelag og nærmiljø		15	12		13	
	St. avvik	20	15		16	0,280
	N	34	152		186	
Boretts- og boligbyggelag		7	12		12	
	St. avvik	11	111		19	0,215
	N	22	20		133	
Rettighet, støtte og avhold		15	44		37	
	St. avvik	16	49		44	0,373
	N	3	9		12	
Politiske partier		40	47		45	
	St. avvik	64	77		74	0,798
	N	11	47		58	
Internasjonal utveksling/nødhjelp/bistand		23	36		34	
	St. avvik	21	63		60	0,618
	N	6	44		51	
Religion og livssyn		127	82		90	
	St. avvik	203	100		126	0,159
	N	19	78		97	
Yrkes-, Bransje- og Fagforeninger		7	18		17	
	St. avvik	8	35		33	0,079
	N	31	212		243	
Annet		54	38		41	
	St. avvik	45	34		45	0,427
	N	6	27		33	
<i>N=1925</i>						

*Tabell 26. Gjennomsnitt økonomisk støtte til frivillige organisasjoner. Fordelt på funksjonshemming og frivillighetsområde. Kr/år*

		Funksjonshemma	Funksjonsfrisk	Diff.	Totalt	P.verdi
Helse, pleie og redningsarbeid		802	966		937	
	St. avvik	1456	1563		1545	0,247
	Median	500	500		500	
	N	143	662		805	
Sosiale tjenester og rusomsorg		655	647		649	
	St. avvik	888	1137		1088	0,946
	Median	300	300		300	
	N	106	396		502	
Internasjonal utveksling/nødhjelp/bistand		1531	1630		1614	
	St. avvik	2720	2829		2810	0,722
	Median	500	500		500	
	N	121	612		732	
Religion og livssyn		2604	4992		4460	
	St. avvik	5181	13818		12456	0,210
	Median	500	533		500	
	N	55	193		249	

N =1925

*Tabell 27. Regresjon av gjeve økonomisk støtte til frivillige organisasjoner innan fire område. Ustandardiserte koeffisientar*

Uavhengige variabler	Helse, pleie og redningsarbeid	Sosiale tjenester og rusomsorg	Internasjonal utveksling, nødhjelp, bistand	Religion og livssyn
Nedsett funksjonsevne	-,06	,09	,04	,09
Utdanning	-,10	,04	,29**	,09
Inntekt	,20**	,11*	,12**	-,11 <sup>†</sup>
Gift	-,03	-,11	,35**	,88**
Alder	,02**	,03**	-,00	,01*
Kvinne	,14	,24	,30**	,05
Tettbygd strøk	,09	,02	,32**	,10
Cox/Snell R square	,03	,04	,05	,03
N	1812	1803	1808	1818

<sup>†</sup> Signifikant på 10 %-nivå

\*Signifikant på 5 %-nivå

\*\*Signifikant på 1 %-nivå

*Tabell 28. Regresjon av vurdering av effektivitet ved nettbasert deltaking kontrollert for bakgrunnsvariablar*

Uavhengige variabler	Vurdering av blogg/nettbasert diskusjonsgruppe som effektiv deltakingsform
Nedsett Funksjonsevne	,24
Utdanning	,17*
Inntekt	-,02
Gift	-,10
Alder	-,02**
Kvinne	,76**
Tettbygd strøk	,25**
<i>Adjusted R square</i>	
<i>N</i>	

\*Signifikant på 5 % -nivå

\*\*Signifikant på 1 % -nivå

# Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor

## Rapport 2011:2

<i>Forfatter/Author</i> Ivar Eimhjellen
<i>Tittel/Title</i> Inkludering av funksjonshemmede i frivillige organisasjoner
<i>Sammendrag</i> Rapporten er ei empirisk analyse av funksjonshemmede si deltaking i frivillige organisasjoner i Noreg, samanlikna med funksjonsfriske. Datagrunnlaget er individdata frå «Undersøkelse om frivillig innsats 2009»  Første del går igjennom kven som er frivillige og medlemmer, kvar dei er det og kva som avgjer om ein er frivillig eller medlem. Vi ser og på forskjellar i økonomisk støtte til frivillige organisasjoner, samt haldningar og hindringar i forhold til deltaking i frivillige organisasjoner.  Andre del går inn forskjellar mellom funksjonshemmede og funksjonsfriske når det gjeld andre former for deltaking i sivilsamfunnet og forskjellar i sosial kapital, nettverk og tillit.
<i>Emneord</i> Frivillig arbeid og medlemskap, funksjonshemmede, deltaking, inkludering, nettverk, tillit, sosial kapital, haldningar, hinder
<i>Summary</i> This report is an empirical analysis of the participation of people with disabilities in voluntary organizations, compared to nondisabled persons in Norway, based on data from the survey «Undersøkelse om frivillig innsats 2009».  The first section focuses on who the volunteers and members are, in what type of organization they are and what determines volunteer work and membership. Further, differences in economic donations to organizations, attitudes and barriers towards participation in voluntary organizations are examined.  The second part examines differences between disabled and nondisabled in regards to other forms of civic participation and differences in social capital, trust and networks.
<i>Index terms</i> Voluntary work, membership, disability, participation, inclusion, social networks, social capital, attitudes, obstacles